

→ **Nyttige  
TIPS**  
til etablerarar

→ **Industriell  
satsing på  
maritim miljø-  
teknologi**

→ **Nytt konsept for  
arbeidsretta  
rehabilitering**



# NYSKAPING GJENNOM SAMARBEID

Leiar



Hege Økland

Det er i år ti år sidan SNU vart etablert. Ser me 10 år tilbake, så var det den gongen dystre utsikter til ny aktivitet i hjørnesteinsverksemdene etter at Kristin-plattformen vart dregen ut i Nordsjøen frå Aker Stord. Det vart arbeidd breitt med ulike aktørar frå dei største verksemdene, fagrørsla, kommunen, fylket, regionråd og andre i ein idédugnad og for å få omstillingsstatus. SNU fekk tildelt omstillingsmidlar frå Kommunal- og regionaldepartementet, og var i 6 år omstillingselskap for Stord og Fitjar.

SNU hadde som målsetnad i 6-års perioden å bidra til å skapa eller sikra om lag 1000 arbeidsplassar i omstillingsperioden, tilsvarande som ein forventna skulle gå tapt i industrien. Evalueringa som vart gjort i etterkant viste at SNU hadde klart oppgåva, og at verksemdene og SNU sine samarbeidspartnarar hadde tru på SNU-modellen.

Eigarane til SNU ser behov for omstilling og næringsutvikling, også i gode tider der verksemdene har hatt fulle ordrebøker og rikeleg med arbeid.

Lokalsamfunnet treng fleire bein å stå

på, og SNU har difor vorte vidareført som næringsutviklingsapparatet til Stord kommune og Fitjar kommune.

I løpet av dei 10 åra SNU har eksistert, har det vore mange ressurspersonar og eldsjeler involvert i næringsutviklingsarbeidet, i styret, administrasjonen og som innleigde ressursar. I tillegg er ein viktig suksessfaktor for SNU sitt arbeid eit tett og godt samarbeid med eigarane, andre næringsutviklingsaktørar, Innovasjon Norge, fylket og forskings- og utdanningsmiljø for å nemna nokre.

Men det er vanskeleg, for ikkje å seia umogeleg, å arbeida med næringsutvikling dersom ein ikkje har næringslivet sjølv med på laget. SNU har alltid opplevd interesse, velvilje og ynske om samarbeid frå verksemdene, enten det er snakk om enkeltprosjekt i ei verksemd eller utviklingsprosjekt på tvers av verksemdar og bransjar. Me har no fleire prosjekt på gang der mange verksemdar er involvert, til dømes arbeid med miljøteknologi, BRA-senteret og i arbeidet med basiskompetanse i

arbeidslivet. Me vil takka for tilliten som verksemdene viser oss, og vonar resultatet frå samarbeidet vil bidra til å styrkja konkurransekrafta og gjera at kommunane våre framleis er attraktive både som bu- og arbeidsstad.

I dette magasinet kan du lesa meir om prosjekta som SNU er involvert i. Me har ei stor breidde i prosjekt, det er alt frå bygdemobilisering på Huglo, arbeidsrehabilitering til utvikling av ny grøn teknologi i industrien. Sist, men ikkje minst, har SNU ei viktig oppgåve med å rettleia etablerarar og nye verksemdar. Me vonar at å lesa om dei nye verksemdene kan gi inspirasjon og mot til andre som syslar med tanken om å starta for seg sjølv. Du er velkomen til SNU, uansett kor langt du har kome i planane dine!

STYRET I SNU



**Atle Tranøy**  
Styreleiar

Konserntillitsvald i Aker Solutions ASA og leiar for Fellesforbundet Sunnhordland.



**Reidun Brekke**  
Styremedlem

Direktør for myndighets- og samfunnskontakt hjå Adecco Norge



**Kjell Arne Møklebust**  
Styremedlem

Dagleg leiar for rådgjevingsverksemda Akvator AS



**Kari Patricia Kleppe**  
Styremedlem

Sjølvtendig næringsdrivande og kulturhusleiar i Mandal.



**Odd Sverre Larsen**  
Styremedlem

Dagleg leiar for varehuset Odd Larsen AS i Fitjar.



**Magne Heimvik**  
Styremedlem

Administrerende direktør for Sunnhordland Kraftlag AS



**SNU AS**  
Postboks 217  
5402 Stord

**Hege Økland**  
Dagleg leiar  
Tlf: 53 40 15 50  
Mob: 957 53 695  
hege.okland@snu.as

**Einar B. Valland**  
Forretningsutviklar  
Tlf: 53 40 15 50  
Mob: 995 59 477  
einar@snu.as

Ansvarleg redaktør:  
**Hege Økland**

Journalist:  
**Lars Mæland**

Distribuert:  
**Stord**  
**Fitjar**

Forsidefoto:  
**Bodil Haga**

Grafisk design:  
**BO design & foto,**  
Bodil Haga  
www.bodesignfoto.no

Redaksjonen vart avslutta  
1. august 2010.

# Næringsutvikling for framtida

At framtidig verdiskaping, sysselsetjing og velferd skjer i pakt med berekraftig utvikling er vår fremste felles utfordring framover, globalt, nasjonalt og lokalt. Klimakrise og krise i finans- og gradvis også realøkonomien er med og set dagsorden også i våre lokalsamfunn. Det krev vilje og evne til store omstillingar og byr såleis på utfordringar, men også muligeheiter. SNU har som mål å vera eit lite, men effektivt verktøy i arbeidet med å handtere utfordringane og utnytta muligeheitene. Etter å ha runda 10 år i arbeidet med omstilling og nyskaping, veit me at vår innsats betyr ein skilnad, og at me saman med andre når resultat.

Og utfordringane ligg der. Finanskrisas effekt på realøkonomien har slått inn i vår region, og sentrale bedrifter og ikkje minst deira underleverandørar registrerer sviktande ordremasse med påfylgjande permitteringar og oppseiingar. Dette minner oss om at Stord og Fitjar har sårbare arbeidsmarknader, sterkt avhengige av petroleums- og maritim industri, og treng såleis kontinuerleg fokus på omstilling og utvikling for å få fleire bein å stå på.

Miljøteknologi står difor høgt på SNU sin agenda, slik det går fram av dette nyhendebladet. Og med den unike teknologi- og kompetansebasen som finst i regionen har me alle føresetnader for ein leiande posisjon i dette kappløpet. Ei sentral utfordring er at bruk av fossil energi må skje langt meir berekraftig enn før, parallelt med gradvis overgang til miljøvenleg energi. Bedrifter i regionen arbeider med svara: Teknologi for fangst og lagring av CO<sub>2</sub>, driftsvenlege og ressursøkonomiske skipsdesign og framdriftssystem, fornybare energiformer som vind, osb. Saman med desse arbeider SNU for endringar i sentrale støtte- og finansieringsordningarslik at det betre treff bedriftene og dei behova prosjekta har for støtte til slik framtidsretta utvikling.

Så er det viktig å minna kvarandre om at me parallelt med utviklinga av det nye ikkje må kasta vrak på det som er bygd opp gjennom systematisk arbeid over fleire tiår. Å snu energibruken over til ny fornybar energi er ikkje som å vri om ein brytar. Det vil i mange år framover vera stor trong for fossil energi, og lyfter me blikket, ser me at

marknaden for offshoreinstallasjonar og landanlegg tek seg kraftig opp att frå 2012 og utover, og med den også marknaden for oljeretta skip. Til dess må me målmedvite arbeida med å posisjonera oss for ny aktivitet. Saman med Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Atheno og næringslivet er SNU i gang med ei kartlegging av situasjonen for å setja i verk tiltak. Målet er både å styrka eksisterande bedrifter sitt grunnlag for å ta sin del av marknaden, og omstillingstiltak for å gjera vårt felles livs- og næringsgrunnlag meir mangfaldig.

SNU sin styrke er vår breie forankring og nettverk, med eigarskap og styre frå det offentlege og partane i nærings- og arbeidslivet. Vår evne til å vera i framkant av utviklinga, og ikkje springa

“ Ei sentral utfordring er at bruk av fossil energi må skje langt meir berekraftig enn før, parallelt med gradvis overgang til miljøvenleg energi. Bedrifter i regionen arbeider med svara (...) ”

etter, er avgjerande for om me lukkast i vår posisjonering på framtidens arena for arbeid, verdiskaping og velferd.

Og her er alle viktige brikkar, dei store industri-lokomotiva, dei små gründerbedriftene, og ikkje minst dei enkeltvise aktørane innan kunst og kultur som gir livskvalitet og nyting som krydder i tilveret, og som bidreg til å gjera lokalsamfunna våre til attraktive stader å bu og leva våre liv. SNU som verktøy er tilgjengeleg for dei alle, og som VM i fotball har synt oss; det hjelper lite med dyktige enkeltspelarar om laget ikkje fungerer.

Eg vil til slutt nytta høvet til å takka den førre styreleiaren Grete Knudsen for flott innsats for SNU gjennom mange år. Gjennom sitt nettverk og breie erfaring tilførte ho SNU stor verdi og eit godt grunnlag for vårt vidare arbeid. Saman med eit velkvalifisert og breitt samansett styre og ein liten men dyktig og effektiv administrasjon ser eg fram til å utvikla dette vidare.



Atle Tranøy

# Næringsutviklaren SNU

SNU er Fitjar kommune og Stord kommune sitt apparat for næringsutvikling og etablerarhjelp. SNU er eigd av Fitjar kommune, Stord kommune, Fellesforbundet avd. 118, Stord Næringsråd og Fitjar Næringsråd.

Næringsutviklingsarbeidet er eit ledd i eigarkommunane si samfunnsutvikling, og SNU har her ei rolle med å knyta næringsliv og det offentlege saman slik at ein sikrar ei næringsutvikling som er god samfunnsutvikling og omvendt.

## Skapa og tryggja framtidretta arbeidsplassar

SNU har som målsetjing å skapa og tryggja framtidretta arbeidsplassar gjennom eit tett og godt samspel med næringsliv, ulike verkemiddelapparat, forskings- og utdanningsmiljø, og styresmakter på ulike nivå. Vidare skal SNU fremja og byggja opp entreprenørskap og nyskapingstilje.

## Våre hovudsatsingsområde

Hovudsatsingsområda til SNU er vidareutvikling av det eksisterande næringslivet, utvikling av nye næringar, miljøteknologi, ungdom og stadutvikling. Arbeidet med miljøteknologi er eit sentralt område i næringsarbeidet til SNU. Du kan lesa meir om dette arbeidet i dette magasinet, der me også presenterer fleire verksemder som arbeider med miljøteknologi.

## Gratis etablerarhjelp

SNU tilbyr gratis hjelp og rettleiing til dei som vil starta eiga verksemd. Det kan vera hjelp og rettleiing i forhold til sjølve etableringa, til utarbeiding av forretningsplan, til kontakt med verkemiddelapparatet, eller til kontakt med kompetansmiljø.

Hjelp til utvikling av eksisterande verksemd SNU kan også hjelpa etablerte verksemder som ynskjer bistand i den vidare utviklinga av prosjekt eller forretningsidear. Me kan tilby kompetanse innan mellom anna

konseptutvikling, strategiutvikling, sal og marknadsføring.

## Breitt nettverk

SNU har eit breitt nettverk gjennom styret, eigarane og samarbeidspartnarane. Kontaktar i dei rette miljøa er verdfullt for både nye og etablerte bedrifter. Gjennom vårt nettverk kan me hjelpa ditt prosjekt vidare!

## Finansiering – oppstartskapital

Gjennom SNU Prosjektutvikling tilbyr SNU høgrisikokapital til nye prosjekt og verksemder. Les meir om dette på side 5.

Ta kontakt dersom du har tankar om å starta eiga verksemd eller treng hjelp til eit utviklingsprosjekt!



## Forretningsplan – noko av det første du bør byrja med

Ynskjer du å starta di eiga verksemd? Å starta for seg sjølv er spanande, men også krevjande. Har du ein god porsjon vilje og engasjement, samt ein del kunnskap om det du vil driva med, så er du langt på veg.

Forretningsplanen er noko av det første du bør starta med. Ein god forretningsplan er eit viktig styringsverktøy, og gjev svar på dei sentrale spørsmåla som omhandlar verksemda di. Den synleggjer for deg og andre kva du har tenkt å gjera, korleis du har tenkt å gjera dette, og kvifor du gjer det. Det vert ei bevisstgjering i forhold til dei vala du tek. Ein godt gjennomarbeidd forretningsplan gjera det meir sannsynleg å lukkast.

Forretningsplanen omhandlar følgjande:

- Forretningsidé
- Visjon
- Produkt/Teneste
- Marknad
- Målgruppe
- Konkurransesituasjon
- Handlingsplan
- Økonomi
- Organisering og administrasjon av verksemda

SNU tilbyr hjelp til utarbeiding av forretningsplan. Ta gjerne kontakt om det er noko du lurar på!

# SNU Prosjektutvikling

## - startkapital til nye verksemder

Tilgang på kapital er ofte ein kritisk faktor ved etablering av nye verksemder. Særleg i ein tidleg fase vil bankar og investorar vera varsame med å skyta kapital inn i nye prosjekt eller bedrifter. Som følgje av dette vert mange idear lagt på is, eller ein hentar inn kapital ved å låna hjå familie og vener. Nokre tek òg opp lån med pant i privat eigedom.

SNU Prosjektutvikling AS er eit fond som er etablert i eit samarbeid mellom SNU, Fellesforbundet Sunnhordland, Sparebanken Vest, og ei rekke små og store bedrifter i Sunnhordland. Prosjektutviklingsfondet tilbyr eigenkapital til nye prosjekt og verksemder på eit tidleg stadium, der det er vanskeleg å få inn annan kapital.

Gjennom prosjektutviklingsfondet får etableraren tilgang til eigenkapital, kompetanse og nettverk som er viktig hjelp for å utvikla verksemda vidare. Målsetnaden er å hjelpe nye selskap frå etablerings- og kommersialiseringssfasen til vekstfasen gjennom eit aktivt eigarskap.

All avkastning på investeringane til SNU Prosjektutviklingsfondet vil verta tilbakeført til

fondet. Eigarane til SNU Prosjektutvikling skyt kapital inn i fondet for å medverka til å skapa nye verksemder og næringar i Stord og Fitjar. Dette syner at næringslivet i SNU-kommunane har ei oppriktig interesse for å skapa eit breiare og allsidig næringsliv i regionen.



**Desse verksemdene har skote inn kapital i SNU Prosjektutvikling AS:**

Advantec AS  
Apply TB  
Fellesforbundet Sunnhordland  
Fitjar Kraftlag PL  
JKP Invest AS  
Palantir AS  
Samspelsforum for Næringsutvikling AS  
Stord Industrier AS  
Sparebanken Vest  
Aker Solutions – verksemdene på Stord  
Eldøyane Næringspark AS  
Apply Leirvik AS  
Link Signatur AS

### Har du ein forretningsidé og treng startkapital?

SNU Prosjektutvikling søker nye investeringsprosjekt. På bakgrunn av forretningsplanen vil SNU Prosjektutvikling vurdere investering i prosjektet. Kontakt SNU for meir informasjon og hjelp til vidare utvikling.

## INNOVASJON NORGE - finansiering til nyskapande idear

**Finansiering gjennom Innovasjon Norge**  
Innovasjon Norge tilbyr fleire typar finansiering for realisering av gode innovative prosjekt i norsk næringsliv.

### Stipend og tilskott

Stipend er økonomisk støtte til enkeltpersonar som ønskjer å starta ny verksemd. Har du ein vekstkraftig og innovativ idé kan du søkja om etablerarstipend. Innovasjon Norge har også ulike tilskottsordningar for drifts- og samfunnsøkonomisk lønsame investerings- og utviklingsprosjekt. Du får tilskott berre til prosjekt som neppe ville blitt gjennomført utan slik delfinansiering.

### Lån og garantiar

Innovasjon Norge har fleire typar lån til innova-

sjonsprosjekt og til investeringar i maskiner, utstyr og bygg. Lånetypane er risikolån og lågrisikolån. Innovasjon Norge tilbyr også likviditetsslån til f.eks. fiskeribedrifter. Innovasjon Norge kan gi garantiar for driftskreditt og investeringslån til små og mellomstore bedrifter.

### Korleis søker du?

Søknaden ønskjer Innovasjon Norge tilsendt elektronisk, men det kan vera ein fordel å ta kontakt med Innovasjon Norge Hordaland i forkant for idé- eller prosjektvurdering. Gå til [www.innovasjon norge.no](http://www.innovasjon norge.no) for meir informasjon. Her finn du også sida til Innovasjon Norge Hordaland.



**INNOVASJON  
NORGE**

# Viktig medspelar for dei berekraftige ideane



Ass. banksjef Svein Ottesen i Sparebanken Vest ynskjer nysatsingar i næringslivet

Kapital er ofte ein kritisk suksessfaktor for nye verksemdar, og banken er ein viktig medspelar for å få realisert forretningsideen. Me har kontakta ein av dei lokale bankane for å få råd til korleis ein etablerar bør gå fram i sitt møte med banken.

Møt godt førebudd i møte med banken

– Møt godt førebudd, oppmodar bedriftsrådgjevar Svein Ottesen i Sparebanken Vest. Banken er oftast ein nødvendig medhjelpar for

å få omgjort den gode forretningsideen til levedyktig bedrift.

Lag ein forretningsplan

Men det er ikkje her gründeren startar vegen mot nyetableringa.

– Før du kjem til banken, bør du ha utarbeidd ein skikkeleg forretningsplan. Gjerne i samarbeid med SNU eller andre som veit kva som krevst. Dei veit korleis ein god forretningsplan bør sjå ut, dei kan gje råd om kva støtteordningar som finst, blant anna frå det offentlege. Ottesen understrekar at det er svært viktig å ha ein gjennomarbeidd plan for oppstart og drift av verksemda du ønskjer å få på beina. Vesentlege faktorar som må vurderast ved nysatsinga, er marknad med konkurrentar, farmtidsutsikter, budsjett både til drift og investering, og styrkar og truslar for tiltaket du ønskjer gjera til levedyktig leveveg.

Trongt nålauga

– Det er alltid kjekt å kunna hjelpa gründerar i gang med nye prosjekt, men ein god del av dei prosjekta som blir presenterte for oss blir det aldri noko av. Banken skal ta risiko og bidra til utvikling i samfunnet me er ein del av. Men vår rolle er også å stilla spørsmål og gje råd om kva som krevst for å lukkast. Risikoen for ein etablerar er høg, og det er betre at ein ide som ikkje har livets rett blir droppa før det er svidd av ein masse pengar, seier Ottesen. Sjølv om nålauga for å få tilført kapital frå banken er trøgt, og kravet om sikkerheit og eigenkapital kan synast høgt, er det ikkje slik at banken skal ta null risiko.

– Me må rekna med å tapa pengar i blant, for å kunna oppfylle den samfunnsrolla me har med å hjelpa på beina nye bedrifter. Banken er ein medspelar ved nysatsing, og me vil bidra med vår kompetanse til å vurdere planane som ligg føre. Me har lang erfaring og god innsikt i næringslivet, og veit mykje om kva som fungerer og ikkje fungerer. Det er dei med lang erfaring frå bankverksemd som er med og rådgjev gründerar, forklarar Svein Ottesen.

Ta med familien på råd

Han meiner det er viktig at gründeren tek familien med på råd før han kastar seg ut på djupt vatn, som det er å starta ei ny verksemd. – Du må rekna med lange dagar og dårleg løn i ein startfase, og det er viktig å diskutera konsekvensane for familieøkonomien i ein etableringsfase. Er familien villig til å ofra det som skal til, og kva blir konsekvensane om etableringa vert mislukka, er blant dei tinga som må tenkjast nøye gjennom, når den erfarne bankmannen til.

6 av 10 nyetableringar forsvinn i løpet av 5 år Rundt rekna seks av ti nyetableringar forsvinn i løpet av ein femårsperiode. – Det treng ikkje bety at dei går konkurs. Dei kan bli avvikla, eller bli kjøpte opp av andre. Uansett om det er mange skjer i sjøen, er det alltid ei glede å sjå at gründerar som har ein god ide lukkast med å setja dei ut i livet. Det er viktig med nysatsingar for å ha eit attraktivt næringsliv i regionen vår, fastslår Ottesen.

## INKUBATOR – EIT GODT TILBOD TIL GRÜNDERAR

Det er ikkje flate vegen som ventar når du startar noko nytt, seier Sylvi Røssland Sørffonn.

Den daglege leiaren i Atheno har jobba med næringsutvikling i Sunnhordland sidan 1992, og veit kor krunglete det kan vera å etablere ny verksemd. Eller for den saks skyld: Få til ei knoppskyting i ei eksisterande bedrift.

– Atheno har ein industriinkubator i SIVA-nettverket. Inkubatoren driv rådgjeving og tilrettelegging for gründerar, etablerarar og bedrifter med nyskappingsprosjekt. Ein inkubator er enkelt fortalt ein rugekasse der bedrifter får hjelp, forklarar Sylvi R. Sørffonn. Tema som selskapsetablering, strategi, finansiering, verkemiddelapparatet og nettverk både internt og ut mot andre er område

Atheno kan hjelpa med.

Atheno gir hjelp i dei ulike fasane av etableringsverksemda. I tillegg til rådgiving tilbyr inkubatoren gunstige rammer for leige av kontor i eit attraktivt, spennande og sosialt miljø, påpeikar den daglege leiaren.

Industrielt knutepunkt Sunnhordland er eit "nettverk" som består av medlemmer og andre samarbeidsaktørar på tvers av klynger, bransjar og kommunegrenser. – Målet er å vera ein motor i industriutviklinga i regionen. Informasjon inn til sentrale styresmakter er ein del av det heile, der har me vore for lite flinke til å visa kor viktig denne industriregionen er, seier Sylvi. I fjor gav Atheno ut eit eige infohefte om Sunnhordlandsindustrien, der blei det presentert ein rapport som dokumenterer at Sunnhordland er ein av

landets fremste nærings- og industriregionar. Om meir kan gjerast for å påverka, er det like fullt klart at regjeringa i sin verftspakke tildelte til saman 25 millionar kroner til fem ulike miljø, eitt av desse var Atheno.

– Me har fått tildelt ein maritim inkubator, men ingen retningslinjer for bruken så langt. Men etter at det blei kjent at me har fått ein maritim inkubator har det alt kome fleire innspel til korleis me kan gjera oss nytte av dette.

  
atheno  
industriutvikling i sunnhordland

# BRA

## – nytt konsept for arbeidsretta rehabilitering

Å redusera sjukefråværet er ei av dei største utfordringane i norsk arbeidsliv. Prosjektet BRA (behandling, rehabilitering og arbeid) arbeider med å utvikla eit heilskapeleg behandlingstilbod der brukaren sjølv sit i førarsetet.

SNU har sidan 2005 vore prosjektansvarleg for utvikling av eit rehabiliteringssenter i Sævarhagen på Stord. Stord kommune ved ordførar Liv Kari Eskeland er prosjekteigar. Prosjektet har knytt til seg Harry Herstad som prosjektleiar.

Brei medverknad frå sentrale aktørar

Bak prosjektet står viktige og sentrale partnarar i arbeidslivet som dei største industriverksemdene i regionen, Fellesforbundet Sunnhordland, LO Hordaland, NHO Hordaland, Samarbeidsrådet i Sunnhordland, Helse Fonna, NAV Sunnhordland, Hordaland fylkeskommune og Høgskulen Stord/Haugesund.

Førebygging og rehabilitering

BRA skal arbeida med førebygging og rehabilitering av arbeidsrelaterte sjukdomar som muskel- og skjellettledingar, samt lettare psykiske lidningar. Dette skal skje med tett medverknad frå arbeidstakarar, arbeids-


gjevar og behandlingsapparat på alle nivå.

BRA-senteret skal vera eit knutepunkt som koordinerer samspelet mellom arbeidsgjevarar, fastlege, bedriftshelseteneste, helseføretak, arbeidsmarknadsbedrifter, NAV, forsikrings-selskap, kommune, fysio-terapeut og anna behandlingsapparat. Gjennom ein tidleg tverrfagleg diagnose skal rehabiliteringa koma raskt i gang og unødig ventetid skal unngåast.

Søker statleg medverknad

Prosjektleiinga har presentert BRA for helse- og omsorgsminister Anne Grete Strøm-Erichsen, og søker no departementet om statleg medverknad i prosjektet. Det er venta ei avklaring om vidareføring av prosjektet i løpet av hausten 2010. Spørsmål

om prosjektet kan rettast til SNU.



# VOX

## Basiskompetanse

### -Styrkjer kompetansen i arbeidslivet

Ei av målsetjingane til SNU er å styrkja kompetansenivået i næringslivet på Stord og i Fitjar. Med tilskot frå organisasjonen VOX, tilbyr SNU basiskompetansekurs for tilsette i Aker Stord, Apply TB, Stord Kommune, Scanmet AS og Stord Maskin Industri AS. SNU har hatt tilsvarende tilbod dei tre siste åra, og har gjennomført kurs for over 150 arbeidstakarar i samarbeid med kompetanseleverandøren GIV ved Inger Lise Dikkanen. Tilbakemeldingane frå tidlegare kurs har vore særst gode, og har mellom anna bidrege til at fleire av kursdeltakarane i ettertid har teke vidare utdanning.

Kursa skal bidra til at vaksne får den basis-

kompetansen som er naudsynt for å meistra krav og omstilling i arbeidslivet. Målgruppa for desse kursa er derfor arbeidstakarar som ynskjer eller har behov for å styrkja sine grunnleggjande ferdigheiter innan lesing, skrivning, rekning og data.

Kursa dei tilsette får tilbod om er:

- Norsk lesing og skrivning
- Kvardagsmatematikk med Excel
- Datakurs med Word og Excel

Er du tilsett i ei av verksemdene dette tilbodet gjeld for, og kunne tenkt deg å gjera nytte av tilbodet, ikkje nøl med å kontakta personalavdelinga ved di verksemd eller oss i SNU.



# Krevjande tider for industrien vår

Svingingar i oppdragsmengda til industrien er etterkvart Stordsamfunnet vant med. I det siste har viktige oppdrag gått tapt til både inn- og utland, noko som stiller krav til nytenking. Kva grep må gjerast for å sikra viktige industriarbeidsplassar i regionen og kva er viktig i omstillingsarbeidet?

Me har spurt aktørar som dagleg arbeider med desse utfordringane, og som har synspunkt på utfordringa som industrien på Stord no står midt oppe i. Roger Pilskog er LO-sekretær i Hordaland, og Tom Knudsen er regiondirektør i NHO Hordaland. Båe er opptekne av situasjonen i industrien og krev merksemd frå styresmaktene.

## LO ynskjer motkonjunkturpolitikk

– Styresmaktene sit på eit verkemiddelapparat, og må lytta til industrien, seier Roger Pilskog, LO-sekretær i Hordaland. – I tider der industrien slit, må styresmaktene ta i bruk motkonjunkturpolitikk. Det er viktig for å sikra arbeidsplassane i industrien. LO og fleire store forbund er sterke på å ta kontakt med det politiske miljøet for å spela inn våre krav. Dette er ein del av LO og fagrørsla sin lange arv. På ei rekkje felt jobbar me også mykje saman med NHO. Me er til dømes heilt på linje med NHO når det gjeld kravet om ein ferjefri kyststamveg. Industrien har behov for eit tenleg vegnett som gjer oss konkurranse-dyktige, framhevar Pilskog.

## – Ein levedyktig industri

Distriktssekretæren i LO Hordaland er ikkje så engsteleg for at norsk industri skal mangla oppdrag. – Industrien her er sterk og levedyktig, og eg vil ikkje vera med og teikna

eit bilete av at det er nummeret før slutten. Her er stor omstillingsevne, og industrien er god til å omstilla seg sjølv. Mykje av nyetableringar og knoppskyting skjer i bedriftene som alt er der, påpeikar Pilskog.

Tiltakspakken for verftsindustrien er eit viktig verkemiddel frå statleg hald. Styrking av Innovasjon Norge det same. – Ser ein på næringslivet i Hordaland, er mykje oljebasert, og der er me gode. Det er fornuftig å halda ein jamn utvinningstakt. Du kan ikkje berre skru av boringa nokre år, og så tru ein kan skru på igjen. Me må ikkje gjera noko som belastar miljøet, og etter mitt syn har me vore gode til ta vare på miljøet i vår olje- og gassverksemd. Når det gjeld vindmøller, har me vel strengt tatt ikkje bruk for krafta her til lands, men dette er likevel ein marknad me bør vera med på, og Aker Verdal har alt vunne ein stor kontrakt på dette feltet, seier Pilskog.

## – Industrien må jobba smartare

Tom Knudsen, Regiondirektør i NHO og for tida fungerande regiondirektør også i nabofylket Sogn og Fjordane, meiner industrien må jobba smartare. – Styresmaktene må leggja til rette for at industrien skal overleva. Industrien i Sunnhordland, som resten av landet, har eit lønsnivå som ligg 50 prosent høgare enn dei me konkurrerer med. Det betyr at me må jobba smartare, fastslår Tom Knudsen.

Både statsministeren og finansministeren har vore tydelege på at dei er opptekne av industrien, og at dei vil leggja til rette for å styrka denne. Me har på vår side stilt ti krav til myndighetene, med tiltak som me meiner må til for at norsk industri skal vera konkurranse-dyktig også i framtida. Me ber ikkje om subsidiar, men om konkurransedyktige vilkår.

Styresmaktene bør styra og leggja til rette for at norsk industri vert sikra oppdrag.

– Sjølv om det er motbakkar for industrien i Sunnhordland for tida, kan ein også sjå på dette som ei tid med nye muligheter. Den kompetansen som er opparbeidd, kan ein flytta ut og nytta på andre prosjekt, som dei Aker Stord har i Kasakhstan. Andre bedrifter tenkjer produkt frå A til Å, og satsar på å følgja produkta også med vedlikehaldsavtalar, i tillegg til å skapa nye produkt. Klarer ein å hegna om kompetansen ein har, og styrkja denne, er me ikkje så avhengige av å ha produksjonen her, påpeikar Tom Knudsen.

## Ferjefri kyststamveg viktig for konkurranseevna

Som LO er også NHO Hordaland oppteken av samferdsle, og Knudsen nemner særleg ferjefri kyststamveg. Tid er pengar, og køar som blir skapte av til dømes ei C-ferje som stadig er ute av drift på nøkkelsambandet Halhjem – Sandvikvåg er klart konkurransehindrande. På austlandet ville ein aldri akseptert noko slikt, meiner NHO-direktøren.

Han understrekar kor viktig det er at lokale ordførarar spelar inn og er aktive i sin påverknad. Ordførarane i Sunnhordland er veldig opptekne av næringslivet og er gode støtte-spelarar for oss. Det same gjeld SNU. Dei tunge grepa vert gjorde av staten, og det er viktig at me kan synleggjera utfordringane me står overfor, meiner NHO-direktøren.

– Det at industrien slit, går ut over skogen av underleverandørar. Kvart årsverk i industrien bidreg til sysselsetjing av tre i andre næringa. Det er viktig å ha med seg, avsluttar Tom Knudsen.

Tv: Roger Pilskog, LO-sekretær i Hordaland. Th: Tom Knudsen, Regiondirektør i NHO Hordaland



# Med på eit større lag gjennom Business Region Bergen

Bergensregionen skal vera leiande på berekraftig næringsutvikling nasjonalt og internasjonalt. Denne ambisiøse målsetjinga skal nåast med ein ekstra innsats frå Sunnhordland.

Hordaland fylkeskommune saman med 20 kommunar, deriblant Stord kommune, eig selskapet Business Region Bergen (BRB). Dei 20 kommunane vil saman med Hordaland fylkeskommune vedta ein felles plattform gjennom ein Strategisk Næringsplan. Når næringsplanen for dei i alt 403.000 innbyggjarane i storregionen skal setjast ut i livet, er satsinga på miljøteknologi i Sunnhordland særskilt nemnt.

– På Stord og i Sunnhordland er det eit sterk industrimiljø, der ein til no har hatt nokre tunge og solide bein å stå på. Det gjeld å utvida

fundamentet, og på det viset redusera sårbarheita. Miljøteknologi er eitt av områda me har tru på kan bidra til å skapa ei positiv framtid, og der miljøet i denne delen av fylket kan vera ein spyspiss, seier adm. dir. Asbjørn Algrøy i Bergensregionen AS.

Saman med næringspolitisk leiar Vidar Totland meiner han at Stord og Sunnhordland kan fungera som ein viktig brubyggjar mot miljøa sør for oss.

– Dette gjeld både mot Haugalandet og mot Stavanger. Her kan Stord og Sunnhordland vera eit viktig bindeledd. Men denne medlemskapen vil også bidra til at miljøet lengre nord i eige fylke blir meir obs på Stord og Sunnhordland. Slik sett er dette ein vinn-vinn-situasjon, seier Totland.

– Det at Stord er med i Bergensregionen er ein byggjestein i eit sterkare Sunnhordland. Det er viktig at ein har ambisjonar på eigne vegner. Og kor framtidsetta ville det vore om ein valde å stå utanfor eit slikt samarbeid?, spør Algrøy.

Når det gjeld satsinga på miljøteknologi spesielt, er dette eit felt der SNU er ein viktig aktør. SNU sit med ein kompetanse og ein lokalkunnskap som er viktig for oss, fastslår adm. dir. Asbjørn Algrøy.

*F.v. Vidar Totland (BRB), Asbjørn Algrøy (BRB), Liv Kari Eskeland (Ordfører i Stord), Hege Økland (SNU)*



Fakta

Business  
REGION  
BERGEN

REGION  
BERGEN

Business Region Bergen (BRB) er eit regionalt selskap for næringsutvikling, og er ei felles satsing for heile regionen. BRB skal samordna nærings- og etableringsutvikling i samarbeid med fylket, kommunar, nettverksorganisasjonar og næringslivet. Profilerings og marknadsføring av bergensregionen er sentrale oppgåver for selskapet.

Business Region Bergen har som ei av sine viktigaste oppgåver å synleggjera regionen og syna fram dei moglegheitene som ligg i byen og i det sentrale omlandet rundt Bergen.

Desse har etablert Business Region Bergen AS (BRB): Bergen, Askøy, Øygarden, Fjell, Sund, Austevoll, Stord, Os, Samnanger, Fusa og Vaksdal, Regionrådet for Nordhordland IKS og Hordaland fylkeskommune.

SNU vil vera det operative organet på vegne av Stord kommune i høve kommunen sitt eigarskap i BRB, og er stadleg representant på vegne av BRB.


Les meir om BRB her: [www.brb.no](http://www.brb.no)

## Fanari – kreativt knutepunkt

Fanari vart etablert i 2008 av ei gruppe små og store aktørar innan kreative og kulturbaserte næringar, i tillegg til Sparebanken Vest, Stord kommune, SNU Prosjektutvikling og Høgskulen Stord / Haugesund.

I omgrepet kreative og kulturbaserte næringar legg me næringar innan design, film, reklame, arkitektur og ulike kunstformer; biletkunst, skrivekunst, musikk mm. Fanari arbeider for å synleggjera og utvikla desse næringane gjennom ulike tiltak.

Fanari arbeider prosjektreitta, og hentar finansiering til utviklingsprosjekt frå privat næringsliv og offentlege aktørar. Selskapet har i dag ingen tilsette, men leiger inn prosjekttresursar etter behov. Fanari vurderer no ulike former for organsering vidare, og har testa ut interessa i næringa for medlemskapsorganisering. I ei kartlegging som nyleg har vore gjennomført, viser det seg at over 80 prosent av dei spurte er interessert i å vera medlem i Fanari. Styret i selskapet vil arbeida vidare med å utvikla tilbodet til Fanari i tråd med næringa sitt behov. Meir informasjon om Fanari finn du her: [www.fanari.no](http://www.fanari.no)



FANARI



*Kari Patricia Kleppe er styreleiar i Fanari.*

# Full aktivitet og nye utviklingsprosjekt på gang

Båtar skal helst ha fått formell verne-status før dei får sleppa til hos Steinar Andersen & co på Dåfjorden Slipp. Kjem dei først dit, får dei stell som dei fortener, og knapt finn maken til andre stader.



F.v.: Steinar Andersen (dagleg leiar) og Geir Røssland (økonomiansvarleg og produksjonsarbeidar)

Klinking av båtar som har formell verne-status. Det er spesialiteten til verksemda som fekk Fitjar kommune sin næringspris for 2009. "Bedrifta har funne seg ei nisje som er ganske unik, og der det er ein stor marknad. Dei tilsette ved slippet har vist seg svært dugande

når det gjeld å ta vare på veteranbåtar, eit arbeid også riksantikvaren har merka seg", heitte det i grunngevinga.

– Eg har av og til ei kjensle av at me er langt betre kjende i resten av landet, i alle fall på det feltet me har spesialisert oss på, enn me er her lokalt, seier dagleg leiar Steinar Andersen, fjerde generasjon drivar av slippet i Dåfjorden.

I tillegg til knapt ti tilsette ved bedrifta, er det til tider eit stort innslag av dugnadsgjengar som gjer sitt til å ta vare på den kystkulturen desse båtane representerer. Riksantikvaren stiller sine krav til arbeidet som skal gjerast, og som antikvaren støttar med pengar. Klinking av stålbåtar er det ikkje mange som kan lenger, men her kan dei.

– Me er i ferd med å finna ei form her, i alle fall når det gjeld driftsomfanget. I tillegg til fartøya med verne-status har me ein del reparasjonsoppdrag som går parallelt. Etter at me nyleg tok i bruk den nye slippet her, er det lettare å få til slik kombidrift. Mange av verne-fartøya opptek plass lenge om gongen, fastslår Geir Røssland. Han held styr på papirarbeidet, noko som trengst, men som det ikkje trengst store kontor-plassen til.

Dåfjorden Slipp har også planar om nybygg av båt(ar). – Det er snakk om å byggja ein arbeidskatamaran med ein god kran på, som kan nyttast mellom anna i samband med kaibygging. Men også til tauing og frakting av gods til stader det elles ikkje er så lett å koma fram, forklarar Røssland. Eit samarbeid med nystifta Sunnhordland Marin gjer dette aktuelt. Sunnhordland Marin er spesialistar på bygging av hamne- og damanlegg, og har også oppdrag for Dåfjorden Slipp.

Det er snakk om ein eigenutvikla sjøens arbeidshest. Gjennom SNU har verksemda i Dåfjorden søkt om støtte hos Regionalt Næringsfond til prosjektering av det som er ei nyvinning. – SNU var veldig raske og førekomande når det gjeld hjelp til å setja opp investeringskalkyle for prosjekteringa, og med deira hjelp gjekk det ganske kjapt å få tilsegn om tilskot frå Samarbeidsrådet. Samarbeidet med SNU har vore ei positiv erfaring, fortel Røssland.

Dåfjorden Slipp ønskjer sjølv å byggja den første arbeidskatamaranen, 7,5 meter brei og 12 meter lang, med byggjeart neste år. Det kan bli aktuelt å byggja fleire båtar etter kvart, men som alltid ved Dåfjorden Slipp: Her er dei meir opptekne av å få ting gjort enn å snakka i store ord om det som ein gong skal bli.

## Set draumen ut i livet

–Eg har alltid tenkt at det er betre å prøva og eventuelt feila, enn ikkje å prøva i det heile. Så langt har det gått over all forventning å starta eiga bedrift, seier Ola Stian Hamre Eriksen i Stage Studio.

Lurer du på korleis utsikta til sjøen blir frå husveret som er planlagt i Sagvåg, eller kor mykje det nye hyttefeltet på Fitjar vil ruva i terrenget? Stage Studio kan visa deg det.



Ola Stian Hamre Eriksen står bak selskapet Stage Studio

– Ved hjelp av foto, teikningar og modellar lagar eg illustrasjonar og animasjonar som viser korleis det arkitekt, planleggjar og utbyggjar planlegg vil sjå ut i det verkelege livet. Ved hjelp av datateknologien kan ein visualisera og gjera det moglege å sjå eit nytt prosjekt frå ulike vinklar og synstader. Dette vil igjen gjera diskusjonane lettare, og i alle fall meir reelle når det gjeld kva verknader dei nye prosjekta vil få for omgjevnadene der dei blir plasserte, seier Ola Stian Hamre Eriksen.

Gründeren er eigentleg utdanna elektrikar, men har følgd interessa si og er sjølvværd innan bruk av data-teknologi til å visualisera ei rekkje ulike prosjekt.

– Fire år hos Link Arkitekter på Stord har gitt eit godt grunnlag. Men lysta til å starta for seg sjølv var der heile tida, og ved årsskiftet 2008/2009 kasta han loss. – Eg har stort sett hatt meir enn nok å gjera, trass finanskrisa, og må snart tilsetja ein person til for å kunna ta unna oppdragsmengda.

Største endringa frå å gå i fast jobb til å starta for seg sjølv? – Det er overgangen frå berre å produsera til i tillegg å gå ut og selja for å få jobbane inn. Det er eit stort sprang, men eg har vore heldig der. Reine luksusen, all den tid eg har hatt ein del kundar frå starten av. Snubletrådar i fleng er det likevel for ein som vil setja draumen om eiga bedrift ut i livet.

– Då er det godt å ha andre å spørja, slik at ein kan koma rett ut frå starten. Eg tok kontakt med SNU då eg starta, og har fått god hjelp av dei til alt papirarbeidet som må på plass. I tillegg hjalp SNU til med å få på plass eit styre for verksemda mi, noko som har vore svært verdfullt. Det er mange trådar å dra i, men eg har fått god hjelp av folka i SNU til å løysa flokane. I tillegg var det ei god hjelp at SNU kom inn på eigarsida med 33 prosent av aksjekapitalen. Det gav sikker kapital i startfasen, men like før sommaren kjøpte eg dei ut, slik at eg no eig alt sjølv, seier Ola Stian Hamre Eriksen.

I tillegg til SNU har den ferske etableraren også fått starthjelp av Atheno.

– Eg leigde lokale hos dei på Bleikjehaugen eitt års tid, eit godt alternativ å få plass i etablerarmiljøet der i staden for å ha heimekontor, seier han. Sjå meir på [www.stagestudio.no](http://www.stagestudio.no)

# Forretningsidé på kjøøl i Fitjar



Lillian Nesse held på med europastudium i Trondheim, men er også sprek bedriftsleiar på Fitjar. Ideen til nyetableringa fekk ho på ein surfetur i Mellom-Amerika.

– Der fekk eg leiga surfebrett, og tenkte at dette med å leiga utstyr til å utforska naturen der du er, er ein god ide, seier Lillian Nesse. Sjølv om det til tider kan vera friske bølger heime i Sunnhordland, er det ikkje her ein ser flest på surfebrett. Padling i kajakk, derimot.

– Du finn ikkje finare måte å utforska den flotte skjergarden vår på. Eller dei mange flotte vatna på øya Stord som innbyr til kajakkpadling. Eg har planar om å skriva ein padleguide, der eg vil ta med padleturar både i sjø og vatn. Kvar det er fint å bruka kajakken, kvar ein kan overnatta, kva ein kan oppleve undervegs, seier den ferske gründeren.

Den friluftinteresserte etableraren er utdanna padleinstruktør i Norges Padleforbund, og har for tida seks kajakk til leige heime i Vistvik i Fitjar, i tillegg til sin eigen. Firmaet Padleåro – Fitjar & Stord Kajaksenter har eiga

heimeside, [www.padlearo.no](http://www.padlearo.no), og ein brosjyre som fortel om tilbodet og viser sjøvegen til ein del lokale attraksjonar.

– Eg merkar ei aukande interesse for padling, og sjølv om det er flest utlendingar som nyttar tilbodet, kjem det fleire norske til. Eg tilbyr både utleige av kajakkar, kurs og guida turar, så det er berre å hiva seg på, seier Nesse.

– For meg er dette eit prosjekt der eg lærer mykje om det å starta eiga bedrift. Eg veit ikkje kor stort dette kan bli, men tenkjer at her får eg både dyrka friluftinteressanta mi, få andre til å oppleve den fantastiske naturen vår, og samtidig hausta erfaring av dette med å skapa ei bedrift frå grunnen av. Dei ressursane SNU sit med, har vore svært nyttige for meg. Dei har kunnskap, kontaktar og eit nettverk eg kan spela på, og har vore flinke til å rettleia når eg treng hjelp. Det er ei heil rekkje praktiske ting som må til når du startar for deg sjølv, som må på plass skal du få ideen du har omsett til praktisk virke. Hjelpa og kontaktane frå SNU er viktige bidragsytarar til at Padleåro er etablert. Så får me sjå kva framtida fører med seg, men så langt har dette vore utruleg spennande, seier Lillian Nesse.

## Huglo – ein plass med liv og lyst

”Trivseløya i Sunnhordland”, vert det slått fast på nettstaden [huglo.no](http://huglo.no). Og så rullar det over skjermen dei finaste bilete frå den ferjeavhengige bydelen i Stord.

– Då me flytta til Huglo for ein god del år sidan, hadde eg ikkje tenkt å engasjera meg i lokalsamfunnet. Men eg ser og kjenner at det er ein fin plass å bu, og vil at det skal vera det også i framtida, seier Alf Einar Notland. No sit stordabuen som flytta frå ”fastlandet” til Huglo saman med kone og fire born som prosjektleiar i livOGLyst, eit treårig prosjekt som skal vera med å bidra til at plassen dei bur på skal leva opp til slagordet trivseløya i Sunnhordland. I tillegg er Notland styreleiar i butikken på Huglo. – Butikken, barnehagen og skulen er kjernefunksjonane samfunnet er bygt opp om, understrekar Notland, som er ei av fleire eldsjeler på Huglo som arbeider for å auka folketalet på øya.

Folketalet på Huglo viste fallande tendens, noko måtte gjerast. – Utfordringa er at dei unge ikkje blir verande, dei eksporterer me til byane. Ei undersøking me har gjennomført viser at mange av dei kan tenkja seg å slå seg til her, men då må me kunna tilby og/eller leggja til rette næringar og arbeidsplassar her for yngre folk.

LivOGLyst har engasjert folket på Huglo. Fem ressursgrupper ser på ulike tema som trivsel, møteplassar, næringsutvikling, marknadsføring og bustader. Viktige område for at folketalet skal auka.

– LivOGLyst har vore med å skapa ny optimisme i lokalsamfunnet. Undervegs i prosessen har SNU vore viktig bidragsytar for at Huglo no er inne i første del av det treårige prosjektet, seier Notland og fortel vidare at SNU har vore med frå starten, og var viktig i prosessen med å utforma søknader som har gitt dei den status dei i dag har. – SNU hanka inn ressurspersonar og er med i styringsgruppa, saman med politiske og administrative representantar frå Stord kommune. Det har vore viktig for oss å ha ein god dialog med SNU og kommunen, seier Alf Einar Notland.

Optimisme er sådd, vinterstid budde det kring ti fleire fast på Huglo denne vinteren samanlikna med året før. – Målet er at me blir 150 innbyggjarar her innan 2020. Og me tek gjerne i mot fleire hyttefolk. All aktivitet til Huglo er positivt, seier den engasjerte tilflyttaren, som fekk draumen om eit småbruk realisert då familien flytta over Langenuen frå Stord.

### Fakta

#### LivOGLyst

LivOGLyst har som føremål å stimulera lokal utviklingskraft på ein systematisk og langsiktig måte.

Programmet føreset at lokalsamfunnsutvikling er tufta på ein nær samanheng mellom entreprenørskap og mobilisering for trivsel og bulyst. Bak livOGLyst står Hordaland Fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge og Sparebanken Vest.

**huglo**

# MILJØTEKNOLOGI BYR PÅ NYE INDUSTRIELLE MULIGHETER

Industrien i vår region har truleg eit unikt fortrinn når det gjeld å bli internasjonalt leiande innan utvalde typar miljøteknologi. Her finst ein sterk internasjonal industrikompetanse innan t.d. skips- og industri-design, engineering, materialteknologi, prosjekt-leiing, produksjon og samanstilling.

Med dette som utgangspunkt, har SNU sett i gang eit omfattande arbeid for å fremja utvikling av miljøteknologi i regionen.

Betring av rammevilkår er naudsynt

For eit år sidan vart det arrangert ein konferanse på Stord med temaet miljøteknologi. Her var representantar frå både næringsliv og det politiske miljøet til stades. Ei felles utfordring for bedriftene som i dag arbeider med miljøteknologi, er å betra rammevilkåra slik at desse vert innretta mot dei behova industrien har. SNU har i samarbeid med Forum for Miljøteknologi ved Per Morten Vigel arbeid for å synleggjera verksemdene sine utfordringar overfor det politiske miljøet, og lagt fram forslag til korleis rammevilkåra kan betrast slik at det vert stimulert til utvikling av grøn teknologi.

I samarbeid med Senter for nyskaping ved Høgskolen i Bergen, vart det hausten 2009

sett i gang ei kartlegging av dei fleste og største industrielle miljøteknologiprojekta og aktivitetane i regionen. Føremålet med kartlegginga var å sjå om det finst eit tyngdepunkt innan utvalde typar miljøteknologi i regionen.

Flest miljøteknologiprojekt innan maritim verksemd

Den maritime industritradisjonen er lang i denne regionen. Fleirtalet av bedriftene som er intervjuet i forstudien finn me difor innanfor den petromaritime næringa. Kartlegginga syner at det også er innan den maritime verksemda ein finn flest miljøteknologiprojekt.

Kartlegginga avdekkar at verksemdene har ein sterk motivasjon for å samhandla om utvikling av miljøteknologiprojekt. Eit slikt samarbeid kan omfatta politisk påverknad i høve til rammevilkår, samarbeid for å trekkja til seg kompetanse, profilering og synleggjering av kompetanse og prosjekt, og samarbeid om konkrete utviklingsprosjekt.

Nettverkssamarbeid

Det er sett ned ei styringsgruppe med åtte maritime verksemdar for eit forprosjekt som skal ta stilling til korleis verksemdene kan samarbeida om utvikling av ny grøn teknologi. Verksemdene som deltek i denne styringsgruppa er Apply TB, Aker Stord,

## MILJØTEKNOLOGI

Utvikling av innovativ miljøteknologi vil vera eit viktig bidrag til å løysa verdas miljøutfordringar, og kan samtidig bidra til auka verdiskaping. Miljøteknologi femner om all teknologi som fører til lågare miljøbelastning enn andre alternativ. Miljøteknologi omfattar produkt, prosessar og tenester, samt administrative og organisatoriske endringar som skal redusera eller hindra miljøproblem.

Marknaden for miljøteknologi er i hovudsak ein politisk skapt marknad. Det er lovar, forskrifter og reguleringar som i hovudsak driv fram nye miljøteknologiske løysingar.

Fjellstrand, Mecmar, Oma Båtbyggeri, Servogear, SKL og Wärtsilä. Prosjektet vil kopla til seg ulike kompetanse- og ressursmiljø, m.a. Senter for Nyskaping ved Høgskulen i Bergen. Nettverket har fått namnet "Maritime CleanTech West".

Prosjektet ynskjer kontakt med alle aktørar som arbeider med miljøteknologi innan maritim sektor, og det vil i det komande året bli arrangert ulike temasamlingar, workshops osv. der ein ynskjer å etablera kontakt med nye verksemdar som har interesse for dette temaet. Forprosjektet er delfinansiert av SNU, verksemdene sjølve, Innovasjon Norge og Hordaland fylkeskommune.

*Styringsgruppa for forprosjektet f.v. Hege Økland (prosjektleiad, SNU), Asbjørn Tverrdal (SKL Nett AS), Ingve Sorfonn (Wärtsilä), Ragnar Fredrik Selstad (Mecmar), Nils Aadland (Fjellstrand), Øystein Hovik (HiB), Magne Møklebust (Servogear), Gustav Oma (Oma Båtbyggeri), Stein Birger Lekven (Aker Stord). Reidar Notland (Apply TB) var ikkje tilstades då biletet vart teke.*



# Vil utvikla regionalt nettverkssamarbeid om maritim miljøteknologi

Ingve Sørffonn frå Wärtsilä leiar styringsgruppa for det nystarta forprosjektet "Maritime CleanTech West". Prosjektet skal styrkja samarbeidet på tvers av bedrifter i regionen innan den maritime næringa om utvikling av miljøteknologi.

Med seg i styringsgruppa har Sørffonn sju andre verksemdar frå regionen som arbeider i ulike delar av verdikjeda innan den maritime næringa. Dette er Aker Stord, Apply TB, Fjellstrand, Mecmar, Oma Båtbyggeri, Servogear og SKL, i tillegg til Wärtsilä. SNU er prosjektleiar for forprosjektet.

Satsinga på grøn energi skal gje industrien her eit konkurransefortrinn, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

## Lang tradisjon for innovasjon

– Kor stort det kan bli i tal arbeidsplassar er vanskeleg å spå. Det som er heilt klart, er at AS Noreg må prioritera dette, seier Sørffonn. – Miljøteknologi er ei vekstnæring der det handlar mykje om kunnskap, men det har også med mot å gjera. I Sunnhordland har me lang tradisjon for å vera innovative, og det gjev eit godt grunnlag. Det å handtera komplekse prosjekt, er noko me har erfaring med i nærmiljøet her, understrekar Sørffonn.

– Skal ein lukkast, må ein vera best i klassen, fortset Sørffonn og held fram;

– sidan store delar av industrien i Sunnhordland har heile verda som marknad, vil målet om å vera best bety best i verda.

– Me veit det blir ein humpete veg å gå, men me veit like sikkert at det kjem strengare og strengare krav til miljøsektoren. Industrien må snu seg rundt, utvikla gode løysingar og vera med på utviklinga. Gjerne i forkant av utviklinga.

## Må ha styresmaktene med på laget

For å få til gode miljøløysingar, peikar Sørffonn på at det er heilt avgjerande å få norske styresmakter med på laget. – Det er ein vanskeleg prosess som er så ekstremt politisk. Kven skal betala for grønare produksjon? Kven skal ta risikoen det er å finna fram nye og betre løysingar? Her må me få

på plass faste køyrereglar, både for oss og kundane. Og politikanane må gje rammevilkår som gjer det mogeleg å satsa.

Gjennom samarbeid på tvers av verksemdar, ønskjer me å få fram felles prosjekt der me i neste runde kan få styresmaktene til å løyva midlar til vidare framdrift. I første omgang er det viktig å få på plass køyrereglar som industri og kundar kan forholde seg til. Det me arbeider med er i mange tilfelle heilt ny teknologi, som me må demonstrera for våre kundar at verkar. Slik demonstrasjonsprosjekt er tunge å gjennomføra for einskildverksemdar, og her må me ha samarbeid mellom verksemdene og draghjelp frå det offentlege. Det norske verkemiddelapparatet er derimot ikkje tilpassa industrien si røynd, så her treng politikanane å bli påverka. Hadde me til sjøs gjennomført tilsvarande tiltak som på land, kunne den maritime næringa med den teknologien som er tilgjengeleg innfridd alle dei miljøpolitiske måla me har sett, utfordrar Ingve Sørffonn.

## Gode referansar frå Viking Lady

Erfaring frå arbeidet med "Viking Lady" kan koma godt med. Eidesvik-skipet er det første som tok i bruk brenselcelleteknologien. Wärtsilä og dåverande Vik-Sandvik, no Wärtsilä Ship Design har vore sentrale aktørar i utviklinga av skipet. Med den nye teknologien kuttar ein årleg CO<sub>2</sub>-utsleppa tilsvarande utsleppa frå 22.000 personbilar. "Viking Lady" har fått mykje ros frå miljøhald, og var på plass i København under klimatoppmøtet der.

## Energieffektivisering og reinsing – viktige teknologiområde

– Energieffektivitet er eit nøkkelord i vår verksemd, og når det gjeld reinseteknologi ønskjer me å vera i forkant av regelverket. Utvikling av gass som drivstoff er eit viktig område å utvikla vidare, samt elektriske energiløysingar som framdrift for skip. Me er opptekne av å presentera heilskaplege løysingar for heile drifta i heile skipet si levetid. Det krev god kunnskap om energiforbruk på skip under ulike forhold, og me tek i bruk simulatorar og bygger opp ein kunnskapsbase for å kunna tilby gode løysingar.

## Viktig å sikra seg attraktiv kompetanse

Skal ein lukkast med sine ambisiøse mål, må

også dei beste hovuda på plass.

– Målet er å vera best i verda på våre felt. Det krev spisskompetanse, og det vil vera lettare å tiltrekka seg dei rette folkane frå Oslo og Trondheim når me har eit prosjekt som er attraktivt utetter. Me har ein stor kunnskapsbase i miljøa her lokalt, men manglar kanskje det som skal til for å vera best.

## Eigarskap og frankring i industrien med SNU som pådrivar

Kunnskap og kompetanse og det sterke faglege industrimiljøet i regionen er noko av det Sørffonn og prosjektgruppa vil spela på når dei skal sjå korleis miljøteknologi kan nyttast som konkurransefortrinn i eksisterande bedrifter, og til nyskaping.



Ingve Sørffonn, Director Future Solutions i Wärtsilä, er leiar i styringsgruppa for forprosjektet: Maritime CleanTech West

I denne prosessen er det viktig å ha SNU med som pådrivar.

SNU kan vera med å pusha industrien, som gjerne har lite evne til å ta tak i slike ting sjølv. Men industrien sjølv må ha regien, og føla framdrift i prosjektet. Me jobbar med å få på plass eit lag å spela på der me saman kan stå sterkare. Med den usikkerheita som rår, og med den risikoen som må takast, er det viktig med eit sterkt miljø der me kan gå laus på utfordringane i fellesskap. – Styringsgruppa har mange viktige oppgåver føre seg, og ser fram til spanande og utradisjonelt samarbeid. Sørffonn oppmodar tilslutt alle som ynskjer meir informasjon om prosjektet om å ta kontakt med han eller SNU for nærare informasjon om arbeidet.

# Må få politikarane på banen

SNU har ei viktig rolle som pådrivar, ikkje minst for å få dei folkevalde på banen. Skal Sunnhordland og Hordaland vera i tet når det gjeld satsinga på miljøteknologi og fornybar energi, er det avgjerande at politikarane frå regionen og fylket blir meir aktive.

Per Morten Vigtel i Forum for Miljøteknologi etterlyser meir handlekraft frå Hordalandspolitikarane. Skal ein lukkast med den store omstillinga industrien i Hordaland, og spesielt Sunnhordland, står overfor, er det avgjerande at industrien har politikarar som er gode talsmenn for utfordringane som ventar.

Vigtel er sjølv blitt omtala som landets kanskje fremste lobbyist av Dagens Næringsliv, og veit kor viktig det er å få næringsliv, forskingsmiljø og myndigheiter til å spela på lag, skal ein lukkast. Han viser til erfaringane frå 1990-talet, då som sentral i Maritimt Forum i ei tid der skipsverfta langs kysten sleit tungt.

Mørebenken på Stortinget blei ein svært viktig støttespelar for å få gjennom tiltak som berga verfta gjennom krisa. Dei forstod kva behov næringslivet i heimfylket hadde, og fekk gjennomslag for sitt syn på sentralt hald. Når det gjeld å få til ei skikkeleg satsing på miljøteknologi i Sunnhordland, må ein vera klar over at det å gå inn på feltet er grunnleggjande annleis enn det ein har gjort med suksess i mange år i petroleumsindustrien. Her er ikkje etablert same kunderelasjonar, ein går inn i ein marknad som er umoden, og der risikoen er langt større. Sekretariatsleiaren for Forum for Miljøteknologi ser store muligheiter for at norsk industri kan bli store innan miljøteknologi og fornybar energi, men det hastar. Det me ser er at dette er ein stor marknad i rask vekst. Men det er mange andre på banen, og skal me få lukkast må me ha fått skikkeleg fotfeste på dette feltet i løpet av dei fem neste åra. Viss ikkje vil toget vera gått.

Vigtel peikar på at industrien i Sunnhordland

står sterkt med sin kompetanse frå mangeårig virke i utviklinga av offshore-verksemda i Nordsjøen. Mykje av den kompetansen vil vera relevant på den nye marknaden innan miljøteknologi, men me må vera klar over at det er snakk om å etablere ei heilt ny norsk næring. Difor er det så viktig å få styresmaktene med for å få dei rammevilkåra som må til for å klara dette løftet.

Vigtel viser til dei vellukka erfaringane frå den gongen Noreg blei ein oljenasjon. Då la myndigheitene til rette for oppbygging av ein norsk industri som etter kvart har gjort oss til store leverandørar innan offshore.

– Tilsvarande støtte må til skal me lukkast med eit nytt felles løft innan miljøteknologi og fornybar energi.

Så langt har støtteordningane gått til små og mellomstore bedrifter, medan dei tunge aktørane er haldne utanfor. Aker Solutions, Wärtsilä, Eidesvik Offshore og Scanmet er bedrifter med solid fotfeste i Sunnhordland som vil satsa.

“

**Skal nasjonen Noreg lukkast med si miljøteknologisatsing, må dei store bedriftene gå i spissen. Då må dei få tilgang til verkemidla som krevst.**

“

Ting går sakte, men rett veg. Forum for Miljøteknologi har registrert fire område der staten bidreg:

Innan miljøteknologi fekk ein tildelt 140 millionar kroner i fjor. I statsbudsjettet for 2011 er det alt varsla ei tildeling med ramme på 500 millionar kroner over tre år. Enova disponerer 300-400 millionar kroner årleg på dette feltet, og CLIMIT, arbeider med CO<sub>2</sub>-fangsten på Mongstad og kommersialisering av teknologien som skal til. Til saman vil det bli satsa rundt milliarder årleg frå 2011 til bruk på fornybar energi og miljøteknologi. Då er det to ting som gjeld: Ein må sjå dei fire støtteordningane i samanheng, og dei større bedriftene må få tilgang til støtte.

Og det er no norske styresmakter har sjansen til å handla, ifølgje Vigtel.

Innanfor EU har dei gjort unntak frå vanlege reglar når det gjeld investeringar og støtte til miljøteknologi/fornybar energi. Dette unntaket gjeld fram til 31. desember 2013. EU har sett at det kostar å utvikla gode teknologiløysingar, og at dei her kan utvikla ein ny industri i Europa.

Her til lands har me lenge levd godt av ein stor og vellukka petroleumsindustri, men aktiviteten dabbar av, og me treng ein ny industri som gradvis kan ta over.

– Me har ein historisk sjanse til å få til noko på desse nye feltene, men då må styresmaktene satsa målretta, og satsa stort. Og det må skje på lag med bedriftene, også dei store.

– De er sårbare i Sunnhordland, og suksessen industrien i regionen i mange år har oppnådd innan oljenæringa kan paradoksalt nok bli ein akilleshæl med di ein er så avhengig av aktiviteten her. Men Stord takla overgangen frå skipsbygging til offshore på ein god måte, og det bør liggja godt til rette for at ein kan lukkast ein tredje gong. SNU må bidra til at bedriftene er villige til å bruka pengar for å bli gode innan miljøteknologi. I tillegg må styresmaktene tre støttande til i ein overgangsfase. Det å få på plass nødvendige rammevilkår, er hovudutfordringa.



Per Morten Vigtel er sekretariatsleiaren for Forum for Miljøteknologi.

# Ein ny kurs i Sunnhordland

Gründerånda er som størst når tidene er dårlege. Det å snu seg rundt og ta fatt på nye og spennande oppgåver er ein ibuande eigenskap ved oss vestlendingar, og sunnhordlendingar spesielt, meiner Liv Kari Eskeland. Stordordføraren ser på tida me er inne i no som ei tid der næringslivet i regionen må tenkja nytt. – I gode tider konsentrerer dei seg om å gjennomføra dei store oppdraga dei har teke på seg på ein god måte. Når ting ikkje går like glatt, opplever eg at næringslivet er på hogget og tenkjer, kva no? Dei brettar opp ermene og ser etter nye muligheter, seier Eskeland.

– For eitt år sidan gjekk alle og venta på Goliat. No veit me at den ikkje kjem. Me visste uansett at det andre halvår 2010 ville vera ein dump i aktiviteten. Gjer me ting rett, trur eg dette blir mulighetenes halvår der me må finna retninga me skal gå i dei neste tiåra, seier Eskeland.

I slike tider er det ekstra viktig å ha på plass eit tiltaksapparat, der SNU er sentral aktør.

– SNU blei oppretta sist me møtte ein vegg, og for oss eigarar er det veldig verdifullt å ha på plass ein velfungerande SNU-organisasjon. SNU er pådrivar for næringsarbeid på tvers av bedrifter, og i ei tid med mindre arbeid for storbedriftene her lokalt er det ekstra viktig å ha på plass eit apparat som SNU som får ulike miljø til å trekka saman og sjå muligheter, meiner Stord-ordføraren. Ho nemner spesielt miljøteknologi som satsingsfelt der SNU får ei viktig rolle. – Viss ikkje våre dyktige ingeniørar held fram med å byggja plattformer, får me venda

denne kompetansen mot nye område der ein kan skapa nye arbeidsplassar. Satsing på miljøteknologi opnar spennande muligheter, påpeikar Liv Kari Eskeland til slutt, og nemner Eidesvik og Wartsila sitt samarbeid om brenselcella, vindkraft og biogass – der SIM og SKL saman med kommunen er sentrale aktørar – som konkrete prosjekt.

– I SNU sit ein med eit nettverk og ein kompetanse som er til nytte for bedriftene. Dei kan hjelpe dei som vil starta nytt, og dei som satsar på knoppskyting til å koma i kontakt med dei rette personane. Mange er gode på idéstadiet, andre er gode gjennomførarar, atter andre dyktige finansaktørar. Me treng eit apparat som SNU til å føra dei ulike miljøa saman der det trengst.

Eskeland meiner me er heldige på Stord, og i Sunnhordland, som har fleire aktørar som har blikket på å skapa ei positiv utvikling. SNU er ein viktig del, men også Atheno, Samarbeidsrådet og lokale næringsråd. Både saman og kvar for seg er dette gode aktørar for næringsutvikling. – Det er viktig at dei spelar på lag for å gjera kvarandre gode, meiner stordordføraren. Til sist er det også viktig å sjå Stord som ein sentral del av eit sterkt vestland, midt mellom Bergen og Stavanger. – Dette gir oss eit unikt utgangspunkt, og det viktige springbrettet mot marknaden utanfor Noreg, avsluttar Eskeland



Stord-ordfører Liv Kari Eskeland.



STORD  
KOMMUNE

## Den gode bygda

– Utfordringa er å få eit meir allsidig næringsliv, gjerne med fleire mellomstore bedrifter enn dei som alt er her. Me har ein skog av småbedrifter som gjer ein viktig jobb, og det er viktig med variasjon, slik at ikkje så mykje er avhengig av store kontraktar til Aker Stord, seier Harald Rydland som er ordfører i Fitjar kommune.

På ordføraren si ønskeliste står blant anna meir aktivitet i industriområdet på Årskog, ei avklaring når det gjeld vindkraftutbygginga i Fitjarfjellet, og at ein kunne få til noko meir innan reiseliv. – Fitjar si spanande historie og den flotte skjergarden bør gjera det mogeleg å få til meir innan reiseliv, trur ordføraren, som peikar på at landbruksnæringa framleis er viktig i kommunen. – Bøndene er flinke til å samarbeida, og driv godt.

Når det gjeld å få på beina eit nytt selskap som kan leggja til rette for auka aktivitet på Årskog

med tilhøyrande djupvasskai, har SNU vore ein god medspelar. – Det å etablera eit selskap som kan utvikla næringsparken er ein omstendelig prosess, der me har god nytte av hjelp frå SNU, seier Rydland.

Han ser på SNU som ein ressursbank, og ei betre løysing for Fitjar enn å ha ei delstilling på rådhuset til å ta seg av gründerar.

– Me får eit meir profesjonelt tilbod frå SNU, og veit dei har eit apparat som kan rettleia både etablerarar og dei som vil vidareutvikla bedriftene. Konklusjonen i kommunestyret då politikarane evaluerte SNU var også klar: Dette er ein god måte å driva næringsutvikling på.



Fitjar-ordfører Harald Rydland.



FITJAR

P.s:

### Maritime CleanTech West

Maritime CleanTech West søker verksemdar som satsar på maritim miljøteknologi. Kontakt SNU for meir informasjon om dette nettverket!

### Startkapital?

Treng verksemda di startkapital? SNU Prosjektutvikling er eit investeringsfond som investerer i nye verksemdar som kan tilføra regionen nye arbeidsplassar, og som ikkje er i direkte konkurranse med etablerte verksemdar. Kontakt SNU for meir informasjon!

### www.snu.as

Følg med på nettsida vår [www.snu.as](http://www.snu.as) for informasjon om kurs, prosjekt og støtteordningar.

Andre nyttige nettsider for etablerarar er:

[www.atheno.no](http://www.atheno.no)  
[www.bedin.no](http://www.bedin.no)  
[www.invanor.no](http://www.invanor.no)  
[www.kom-an.no](http://www.kom-an.no)

## StartOpp-samling for etablerarar

SNU arrangerer StartOpp-samlingar for etablerarar i SNU-kommunane Stord og Fitjar. Samlingane er gratis for deltakarane, og dei gjev ein introduksjon til tema ein bør tenkja gjennom når ein skal starta eiga verksemd.

Typiske tema på samlingane er offentlege plikter, val av selskapsform, finansiering, krav til rekneskap og revisjon, samt inn-

hald i forretningsplanar.

I tillegg er det alltid med ein eller to gründerar som fortel om sine erfaringar.

Kunne du tenkja deg å vera deltakar på neste StartOpp-samling, er det berre å ta kontakt via [post@snu.as](mailto:post@snu.as) eller tlf: 53 40 15 50, så skal me sjå til at du får ei ekstra påminning når den vert arrangert.

## MØTEPLASSAR FOR NYSKAPING OG UTVIKLING

SNU er, saman med partnerar, medarrangør av ulike konferansar og møteplassar. Stordkonferansen er den petromaritime industrien sin møteplass og vert arrangert årleg. Sjå [www.stordkonferansen.com](http://www.stordkonferansen.com) for meir informasjon. Saman med Atheno og Samarbeidsrådet for Sunnhordland arrangerer SNU den årlege Nyskappingskonferansen. Denne konferansen finn stad den første veka i mai kvart år. Følg med på [www.nyskappingskonferansen.com](http://www.nyskappingskonferansen.com) for nærare informasjon om konferansen.

## Styrebanken



Har du styremedlemmene du treng?

Eit rett samansett styre er ein viktig ressurs for drift og utvikling av nye og etablerte verksemdar. Mange verksemdar er blitt meir medvitne på dette, og søker eks-terne styremedlemmer som kan tilføra verksemda verdifull kompetanse. Kontakt SNU for meir informasjon om vår styrebank dersom du treng styremedlemmer til di verksemd, eller om du ynskjer å registrera deg som styrekandidat.

Meir informasjon finn du også på våre nettsider: [www.snu.as](http://www.snu.as)

## Starta for deg sjølv? Hjelp til utvikling av forretningsidé? Utviklingsprosjekt?

Me tilbyr **gratis** rådgjeving og hjelp til etablerarar! Ta kontakt for avtale.



**Hege Økland**  
Dagleg leiar



**Einar B. Valland**  
Forretningsutviklar



**Gunvald Ottesen**  
Senior forretningsutviklar

  
[WWW.SNU.AS](http://www.snu.as)

Du treff oss på tlf: **53 40 15 50**. Les meir om SNU og prosjekta våre på [www.snu.as](http://www.snu.as)